

## **St. Olav som identitetsmarkør for nordmenn i utlandet i et tusenårsperspektiv**

Det blir ofte sagt at Fridtjof Nansen er verdas mest berømte nordmann, men det er nok St. Olav som går av med seieren i det lange løpet. Alle nordmenn ber med seg St. Olav til alle tider – gjennom riksvåpenet med Sværreætta si ståande løve kombinert med St. Olavs øks. Dette følger oss gjennom myntar, sedlar, passet og andre offisielle dokument som identifiserer oss. I 2030 er det 750 år sidan det norske riks våpenet vart skapt, og det må også markerast, som eitt av dei eldste riks våpena som stadig er i bruk. Riks våpenet og nasjonsflagget er dei viktigaste nasjonale symbola vi har, og flagget sitt korssymbol kan også førast tilbake til St. Olav og kristninga av landet, som også er blitt grundig markert i år.

Gjennom mange hundre år var Olav den nordmann som folk flest hadde eit forhold til, slik han var framstilt i alle slags kunstuttrykk, både skulptur, tavlemaleri og glasmaleri, også lenge etter at den offisielle helgenkulten tok slutt ved reformasjonen. Gjennom bilete på myntar og offisielle segl var St. Olav garantist for lov og rett og ei stabil statsmakt. Det finst tusenvis av naturformasjonar som har skapt myter og eventyr om St. Olav og troll, vasskjelder som kunne helbrede og styrke, og dei forskjellige utgåvene av Snorre var ofte dei einaste ikkje-religiøse bøkene folk hadde tilgang til (hr. Peder, 1633-utgåve).

Olavskulten spreidde seg enormt raskt etter 1030, naturleg nok sterkast i det nordlege Europa, ikkje minst i Østersjøområdet. Alt i andre halvdel av 1100-talet finn vi det eldste bevarte bildet av St. Olav i Fødselskyrkja i Bethlehem, men impulsane gikk begge vegar: oktogonen i Nidarosdomen er også direkte inspirert av arkitekturen i Jerusalem på 1100-talet. Vi kjenner også tidlege olavskyrkjer i Konstantinopel, i Kiev og i Novgorod, alle grunnlagt av folk med norsk eller nordisk bakgrunn og stadig i Tallinn i Estland, der St. Olav var vernehelgen for kjøpmenn. Denne tosidige kulturelle påverknaden er karakteristisk for St. Olav også i dag. Den fjernaste Olavsdyrkinga finn vi i St. Olavskyrkja den tidlegare dansk-norske kolonien Frederiksnagore ved Kolkata/Calcutta, grunnlagt av ein trøndersk guvernør i 1806.

Når den store utvandringa frå Norge starta for to hundre år sidan i 1825, kva hadde nordmenn å ta med seg som markørar for nasjonalitet eller identitet? Språk ville vere naturleg, men språksituasjonen for fleirtalet var komplisert, med dansk som skriftspråk. Mange som reiste var også i opposisjon til den rådande overklassen, både sosialt, religiøst og politisk, og søkte større fridom på begge felt i andre land.

Eitt av dei få symbola som kunne samle nordmenn i utlandet var St. Olav og hans rolle som nasjonalt symbol slik det vart utvikla i løpet av 1800-talet. I USA og Canada finn vi ei lang rekke institusjonar, frå St. Olaf College i Minnesota til ei lang rekke både eksisterande og nedlagde kyrkjer over heile området, men naturleg nok mest der nordmenn slo seg ned i Midtvesten. Dei aller fleste er lutherske, men også norske katolske konvertittar i USA tok Olav til seg som identitetsmarkør.

Som ein stor sjøfartsnasjon spreidde nordmenn seg i løpet av 18- og tidleg 1900-tal over heile kloden, og et nettverk av sjømannskyrkjer vart oppretta som kontaktpunkt, møteplassar og for åndeleg hgjelp. For fastbuande nordmenn i desse landa vart også sjømannskyrkjene eit fast punkt i livet utanlands. I nyare tid har den store utvandringa gått særleg sørover til varmare land, og utvandra nordmenn i Spania har skapt seg ei rekke rekke samlingspunkt i form av kapell som det tydeleg nok var naturleg å knytte St. Olav til. Det mest spesielle er nok Olavskapellet i Covarrubias i Nord-Spania, bygd som oppfylling av eit løfte gitt av prinsesse Kristina Håkonsdotter tidleg på 1200-talet, den einaste heilt bevarte norske kongelege grava frå mellomalderen.

Den religiøse frigjeringa i Norge i 1840-åra førte til at katolisismen på nytt slo rot, og norske katolikkar knytte seg sterkt opp mot St. Olav, slik vi ser det i domkyrkjene i Oslo og Trondheim, delvis for å vise at Norge ein gong var eit katolsk land, og delvis for å understreke at dei også hadde ein norsk identitet like god som resten av landet. Olavssymboler går også igjen i heraldikken til dei katolske bispeseta.

Interessant er også at det einaste Olavsaltaret i Roma, innretta i 1893 i eit sidekapell i San Carlo al Corso, er blitt ein så stor og stigande suksess. Ved den årlege festdagen i oktober for å minnast Olavs dåp i Rouen i 1014, var messa først i det vesle sidekapellet, deretter i ein del av skipet utanfor kapellet, og i dag blir messa feira ved hovedaltaret for å kunne gi plass til alle. Olavsaltaret har si eiga venneforening og det er blitt ein magnet for mange norske Romafararar.

I lys av den store innvandringa til landet vårt dei siste 30-35 åra frå det gamle aust-Europa, med mange ortodokse land, er det interessant å sjå korleis dei ortodokse, både ukrainske, rumenske, georgiske, russiske og andre har teke til seg St. Olav som «sin» helgen. Det har delvis bakgrunn i at dei vil gjerne skape seg ein norsk identitet ved å knytte seg opp til eit felles symbol. St. Olav var den siste helgenen som vart godkjent både i den katolske og den ortodokse verda før det store skismaet eller splittinga mellom kyrkjesamfunna i 1054, og han er derfor like mykje ein ortodoks som katolske helgen.

Det har fått eit konkret uttrykk i bygginga av eit ortodoks Olavskapell på Stiklestad, som saman med det katolske kapellet og den lutherske kyrkja skaper eit unikt religiøst landskap på denne historiske lokaliteten.

Den viktigaste ortodokse religiøse kunsten, ikonmaleriet, har også fått ein sterk vekst her i landet, både av innvandra og innfødde kunstnarar, og St. Olav er naturleg nok eit viktig og populært motiv, både som enkeltmotiv og som heile syklusar som viser Olavslegendene og mirakla.

Det har også ført med seg ei stigande interesse for St. Olav, også med ny litteratur frå fleire land.

**Innlegg til møte 28.11.24 i nasjonal komite Nasjonaljubileet 2030**  
**Øystein Ekroll, arkeolog og forsker, NDR**